

Vestnes kommune
Rådhuset
6390 VESTNES

Vår dato: 14.02.2022
Vår ref.: 202110431-6
Dykkar ref.: 20/04576

Sakshandsamar: Ole-Jakob Sande
22 95 95 45/ojs@nve.no

NVE sin uttale til offentlig ettersyn av detaljregulering for Sjøgata 17 i Vestnes sentrum - Gnr. 46 bnr. 56 i Vestnes kommune

Vi viser til oversending 21.01.2022. Saka gjeld offentlig ettersyn av framlegg til detaljregulering for Sjøgata 17 på Vestnes i Vestnes kommune. Føremålet med planframlegget er å legge til rette for ei bustadblokk på fire etasjar.

NVE ga innspel til varsel om planstart i brev datert 08.07.2021 der vi peika på avklaring av stabile grunnforhold og omsyn til flodbølge som sekundær verknad av fjellskred som aktuelle tema i planarbeidet.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE sine merknader til planframlegget

Grunnforhold

Planområdet ligg under marin grense og NGU sitt lausmasekart viser marine avsetningar. I område med marine avsetningar kan ein ikkje utelukke førekomstar av kvikkleire.

ERA Geo har i rapport datert 23.10.2020 gjort vurderingar av grunnforholda for prosjektet, og konkludert med enkle og stabile forhold som er eigna for planlagde tiltak. I framlegg til føresegner § 5.1 b er det føreslege rekkefølgekrav om geoteknisk detaljprosjektering før igangsetjing.

NVE har ikkje utfyllande merknader.



Flodbølge som sekundær virkning av fjellskred

Fjellpartiet Opstadhornet i Molde kommune er kartlagt som ustabil fjellparti med periodisk overvåking av NVE. Kartlagt fare har sannsyn mindre enn 1/5000 og vil ikke ha verknader for planframlegget.

Generelt

NVE ynsker å få ein betre oversikt på område som er kartlagt for fare, og har oppretta ei løysing for [innmelding](#) av rapportar på vår nettside. Vi oppmodar kommunar om å sende rapportar og farekart for skredfare i bratt terreng, flaumfare og fare for kvikkleireskred. Informasjonen som NVE får inn vil bli brukt til å oppdatere farekarta i [NVE Atlas](#). Vi ber også kommunane om å sende inn geotekniske rapportar til [NADAG](#) (nasjonal database for grunnundersøkelser), jf. brev frå NVE til kommunane datert 27.11.2019.

Med helsing

Øyvind Leirset
seksjonssjef

Ole-Jakob Sande
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Mottakarliste:

Vestnes kommune

Kopimottakarliste:

Møre og Romsdal fylkeskommune
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL